

Referat

Møte i Arbeidsgruppa 20.06.08

Stad: Dalen

Frammøtte: Olav Bjørn Bakken, Sverre Bakke, Arne Kjellsen, Jon Tvitekkja, Jostein Kristiansen, Helge Kiland

1. Referat arbeidsgruppa

Det var ingen merknader til referatet frå møtet 22.5.

2. Referat kraftutvalet

Referatet frå siste møtet i kraftutvalet 18.6. blei teke til etterretning. Aktuelle personar å kontakte i samband med gjennomgang av skjønnsdokument er Halvor Sandok og Arild Hovden.

3. Miljømål

Ein gjekk igjennom vedlegg til høyringsuttale sentrale problemstillingar. Følgjande innspel blei notert:

- Ekstra tilførsel av næringsstoff er neppe aktuelt
- Pålegg om utarbeiding av forvaltningsplanar for fisk?
- Klima kan gje store årlege variasjonar i rekruttering og vekst i høg fjellsvatn
- Hindre spreiding av framande artar (også måker?) kan vera eit eige miljømål
- Statkraft har utført betydelege arbeid med plastring og erosjonssikring i Totak og i Byrtevatn
- Grunndam i Botnedalsdammen mest aktuelt i Hovundløken. Fiskebergløken, som er nemnt i stortingsproposisjonen, ligg lenger ut i vatnet.
- Tiltak mot tilgroing med vidare må fyrst og fremst rette seg mot landbruket. Dei lokale landbrukskontora har forskrifter og oversiktar, men følgjer ikkje alltid opp overfor bøndene
- Vinje kommune har avtale med Statkraft om ”spylevasskonto” i tilfelle vasskvaliteten i kulpane i Åmot ikkje er god nok
- NGU skal ha oversikt over alle borebrønner, men resultatet av boring blir ikkje alltid innrapportert. Statkraft har i løpet av 1990 åra erstatta fleire gravne brønner med borebrønner i fjell
- Tvil om friluftsliv, landskap med vidare høyrer inn som miljømål i denne samanhengen
- Kommunen styrer bruken av SMIL midlar, men klattar litt ut til alle

Arne Kjellsen vil ta kontakt med Direktoratet for naturforvaltning ved Steinar Sandøy med tanke på å legge seminar om fastsetjing av miljømål for SMVF til Tokke/Vinje.

4. Oversikt over vassførekomstar

Skilje mellom modifisert og sterkt modifisert vil bli ei utfordring. Ein treng data for alminneleg lågvassføring, middelvassføring og restvassføring. Statkraft har 18 – 19 faste stasjonar. Arne K. vil ha eit arbeidsmøte med Statkraft, der Tore Pedersen frå vassregionen også er med. Registrering av eutrofierte førekomstar er avhengig av kor finmoska nett ein skal bruke. Problemet er ofte svært lokalt. Hovudstrengen kan vera god, men tilstanden lokalt kan vera dårleg.

5. Informasjonsmøte

Følgjande datoar blei bestemt for folkemøte:

Edland 9.9, Rauland 10.9. og Dalen 16.9. Møta skal begynne kl. 19 og vare eit par timar. Det vil bli servert kaffi + litt mat. Ordførarane vil bli spurt om å halde ein liten appell. Elles vil det vera fint med innlegg frå engasjerte folk frå lokalmiljøet. Nærare program vil bli fastsett på neste møte i arbeidsgruppa.

Statkraft vil halde eit ope fiskeseminar til hausten.

6. Hydrologi

Alle hydrologiske data frå Statkraft er tilgjengelege gjennom NVE. Statkrafts lokale hydrolog Aksel Stang kan svare på spørsmål. Kva er normal minstevassføring i høve til dagens konsesjonslovgjeving? Helge vil sjekke kor ein kan få uavhengig hydrologisk kompetanse.

7. Overvaking

Fylkesmannen vil overføre kr 75 000 til konto for overvaking. Fyrste runde med innsamling av prøver er gjennomført med eit par mindre avvik. Prøvene blir analysert av Fjellab i samarbeid med Eurofins.

Helge får fullmakt til å utføre registrering av nyare kulturminne langs vassdraga.

8. Neste møte

Neste møte i arbeidsgruppa vil vera på Åmot 26.8. kl.09.00. Ei stikkordsliste/forslag til tema vil bli sendt ut før møtet.



Helge Kiland